

# **REGLEMENT FOR SAMFERDSELSUTVALET**

Fastsett i medhald av Lov om kommuner og fylkeskommuner § 39 nr. 1.

Vedteke av fylkestinget i møte 13. og 14. juni 1995, sak T-24/95.

## **I VAL OG SAMANSETJING**

**§ 1** Samferdselsutvalet er valt i medhald av kommunelova § 10 og har 11 medlemmer med gruppevise personlege varamedlemmer valt av fylkestinget for den fylkeskommunale valperioden.

**§ 2** Fylkestinget vel leiar og nestleiar for den fylkeskommunale valperioden.

Dersom ein medlem eller ein varamedlem trer endeleg ut av utvalet, blir suppleringsval i medhald av koml § 16 nr 3, jfr. § 10 nr 3, gjort av fylkestinget.

## **II ARBEIDSOMRÅDE**

**§ 3** Samferdselsutvalet er fylkeskommunen sitt hovudutval for samferdselspolitiske saker. Dette gjeld m.a. saker som er lagt til fylkeskommunen etter samferdselslova § 24 og veglova, jfr. § 9 tredje ledd.

Samferdselsutvalet har ansvaret for at dei fylkeskommunale tenestene innafør samferdselssektoren blir planlagt, gjennomført og evaluert slik at brukarane sitt behov for slike tenester blir dekt i samsvar med gjeldande lovgjeving, vedtak av fylkestinget/fylkesutvalet og overordna planar.

## **III DELEGERING TIL HOVUDUTVALET AVGJERDSMYNDE**

**§ 4** Hovudutvalet tek, innafør sitt arbeids- og ansvarsområde jfr. § 3, avgjerd etter dei retningslinjer som er fastsett i eller i medhald av lov og forskrift med mindre vedtak av fylkestinget eller fylkesutvalet avgrensar avgjerdsmyndet.

Mellom anna skal hovudutvalet:

- 1) forvalte dei løyvde midlane innafor si totale budsjetttramme på ein slik måte som er fastsett m.a. i planar, budsjett og reglement for mynde i budsjettsaker
- 2) oppnemne komitear til løysing av bestemte tidsavgrensa oppgåver, jfr. koml § 10 nr 5.

#### **UTTALERETT/RÅDGJEVANDE MYNDE**

**§ 5** Hovudutvalet skal for sitt arbeidsområde gje tilrådingar/fråsegner når det gjeld:

- 1) fylkesplanen, andre sektorovergripande planar, økonomiplan og årsbudsjettet
- 2) planlegging og prioritering i saker der avgjerd blir teke av anna fylkeskommunalt organ
- 3) oppretting av faste underutval under hovudutvalet
- 4) spørsmål om delegering av mynde til administrasjonen der hovudutvalet sjølv ikkje kan gje slik mynde, jfr. § 6
- 5) andre saker som fylkestinget, fylkesutvalet, fylkesplanutvalet, anna hovudutval eller administrasjonen, jfr. § 8, legg fram for hovudutvalet.

#### **IV**

#### **DELEGERING TIL ADMINISTRASJONEN**

**§ 6** I den grad lov, forskrift eller vedtak av fylkesting og/eller fylkesutval ikkje er til hinder for det, kan hovudutvalet vidaredelegere sitt mynde til administrasjonen.

Slik delegering skjer alltid til fylkesrådmannen, jfr. koml § 23 nr 4, med mindre lov/forskrift er til hinder for det. Fylkesrådmannen tek avgjerd m.o.t. kven som på vegner av han skal utøve det delegerte myndet.

#### **V**

#### **MØTE OG SEKRETARIAT**

**§ 7** Hovudutvalet skal ha møte når leiaren, fylkesordføraren, fylkesrådmannen, etatsjefen eller minst 1/3 av medlemene krev det.

Hovudutvalet blir innkalla med ein frist på minst 7 dagar. Innkallinga vedlagt saksdokument skal sendast medlemmer, varamedlemmer og andre med møterett.

- § 8** Etatsjefen på vegner av fylkesrådmannen, jfr. koml § 23 nr 2, gjev innstilling i alle saker som blir lagt fram for hovudutvalet, med mindre lov eller forskrift er til hinder for det.

Er det fleire etatsjefar som legg saker fram for hovudutvalet, avgjer fylkesrådmannen det nærare ansvarsområdet dei imellom.

- § 9** Fylkesordføraren har etter koml § 9 nr 4 møte- og talerett i hovudutvalet, men har berre forslagsrett og røysterett dersom han/ho er medlem i utvalet. Fylkesordføraren kan la seg representere ved ein annan medlem av fylkestinget som ikkje er medlem av hovudutvalet.

Fylkesrådmannen har etter koml § 23 nr 3 møte- og talerett, personleg eller ved ein av sine underordna. I tillegg har etatsjefen/etatsjefane, jfr. § 8 andre ledd, møte- og talerett med mindre lov eller forskrift er til hinder for det, jfr. § 8 første ledd.

Andre fylkeskommunale tenestemenn og sakkunnige kan og innkallast til møta når hovudutvalet, leiaren, fylkesrådmannen eller etatsjefen innkallar dei.

Etter vedtak i fylkestinget i sak T-63/95 har dei tilsette møte- og talerett etter § 26 i kommunelova for 4 representantar. Møte- og taleretten gjeld berre i saker som gjeld tilhøvet mellom fylkeskommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, jfr § 26 nr 1-3.

- § 10** Det skal førast møtebok over forhandlingane i hovudutvalet i samsvar med reglement fastsett av fylkestinget, jfr koml § 30 nr 3.

Utskrift av møteboka skal sendast medlemene, varamedlemene og andre med møterett.

Møteboka skal leggjast fram til godkjenning i det følgjande møtet i hovudutvalet og underskrivast av medlemene som tok del i møtet.

- § 11** Fylkesrådmannen er ansvarleg for hovudutvalet sitt sekretariat, jfr. koml § 23 nr 1 og 2. Fylkesrådmannen kan fastsetje korleis sekretariatsansvaret skal ivaretakast.

Sekretariatet samordnar og førebur hovudutvalet sine møte.

- § 12** Hovudutvalet tek avgjerd i møte og er vedtaksført når minst halvparten av medlemene/varamedlemene er til stades, jfr. koml § 33.

Hovudutvalet tek avgjerd med vanleg fleirtal, jfr. koml § 35 nr 1.

I fall det blir røystelikskap gjer leiaren/møteleiaren si røyst utslaget. Ved val og tilsetjing gjeld koml § 38.

Når vilkåra etter koml § 30 nr 2 og forskrifter fastsett av Kommunal- og arbeidsdepartementet er til stades, kan hovudutvalet ta avgjerd i kurante saker ved:

- 1) - fjernmøte
- 2) - skriftleg saksbehandling

Avgjerd om dette blir gjort av leiaren i kvart einskild høve.

**§ 13** Dersom eit mindretal på minst tre av medlemene eller fylkesordførar eller fylkesrådmann krev det, kan eit vedtak i hovudutvalet leggjast fram for fylkesutvalet til avgjerd. Slikt krav må setjast fram før møtet er avslutta.

**§ 14** Hovudutvalet sine møte blir haldne for opne dører dersom ikkje anna følgjer av lovfastsett teieplikt eller vedtak etter reglane i koml § 31.

Blir det vedteke å behandle ei sak for stengde dører, pliktar fylkestinget sine medlemmer, dei fylkeskommunale tenestemenn og andre som er til stades, å teie med det som kjem fram under drøftingane og om dei vedtaka som blir gjorde. Teieplikta gjeld til noko anna blir fastsett. Er også andre til stades under tingingane om ei slik sak, krev møtestyraren lovnad av dei om at dei skal teie med det dei har fått kjennskap til om vedkomande sak.

Vedtaket i saker som er behandla for stengde dører er likevel offentlege når vedtaket ikkje inneheld opplysningar som er underlagt teieplikt.

**§ 15** Den som er ugild i ei sak etter koml § 40 nr 3, jfr. forvaltningslova kap. 6, eller som etter § 40 nr 4 blir friteken, skal ikkje vere med på å drøfte eller avgjere saka.